
Vår referanse 2020/78325-3
Dato 21.12.2020

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjon - Fv. 5456 Eidavegen - Gnr 236 bnr 20 - Askvik - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 03.12.2020. Alver kommune ber om uttale til søknad om dispensasjon for oppføring av bustad på gnr. 236 bnr. 20 i Alver kommune. Frist for uttale er 31.12.2020.

Eigedomen ligg i eit område om er avsett til *landbruk-, natur- og friluftsføremål* jf. Kommunedelplan for Lindås. Eigedomen er i dag bygd med ei utløe. Det er søkt om å oppføre ein einestad på tomta. Eigedomen har avkøyrsløse frå fylkesveg 5456 Eidavegen. Fartsgrensa på staden er 80 km/t, og årstdøgertrafikk er 300 køyretøy. Strekinga er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkøyrsløse med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest (2017 - 2020)*.

Uttale:

Vestland fylkeskommune legg til grunn at det trengs eit offentleg løyve for avkøyrsløse frå fylkesvegen. Statens vegvesen på vegner av Vestland fylkeskommune etterspurde eit slikt løyve i brev datert 17.12.2020, som merknad til mottatt nabovarsel.

Søkjær opplyser om skyldskifte frå 1963, der det er nemnd at tomta skal ha vegrett, og til jordskifte mars 1967 som mellom anna beskriver utforming av tilkomstvegen. Det er ikkje lagt ved eit offentleg løyve frå vegstyresmakta som etterspurt. Det er heller ikkje søkt om eit slikt løyve.



Vegbiletet av aktuelle avkøyrsløsepunkt.

Sidan vi ikkje har mottatt ein søknad, har vi heller ikkje vore på synfaring og vurdert den konkrete avkøyrsløsa. Det er difor vanskeleg å vurdere om det kan påreknast eit løyve dersom dette vert søkt om. Haldningsklasse 4 (lite streng) i *Rammeplanen* opnar for å godkjenne nye avkøyrsløse. Eit absolutt krav vi då stiller er at siktkrava vert oppfylt, og at avkøyrsløse elles byggast slik det kjem

fram i Handbok N100 Vegnormalane. Vi vurderer at det kan vere krevjande å oppfylle siktkrava på staden.

Vi er i utgangspunktet kritisk til at det vert gjeve løyve til ny bustad i eit område som er avsett til LNF i kommunedelplan for Lindås. Det er ein samanheng mellom tal på avkøyrslar og ulykkesrisikoen på vegnettet, og vi meiner det er uheldig å legge til rette for nye bustader slik det her er søkt om. Vi meiner at aktuelle områder for bustadbygging bør sjåast i samanheng og avklarast gjennom arbeidet med arealdelen av kommuneplan. Då får ein sett bustadstrukturen i eit overordna perspektiv, under dette behovet for bustader i planperioden, forholdet til transportnettet, avstand til offentleg infrastruktur og private tenester.

Før det eventuelt vert gjeve løyve til bygging på tomta, må det søkast om og ligge føre eit godkjent avkøyrsløyve frå vegmynde.

Med helsing

Hege Løtveit
leiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift